

---

## **Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget godkjenner Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane.

Prenta vedlegg:

Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn:**

På initiativ frå fylkesordføraren vart "Tenketanken" oppnemnd sommaren 2007 . Denne skulle sjå nærare på dei utfordringar Sogn og Fjordane står overfor. Då resultatane frå arbeidet blei presentert for fylkestinget i juni 2008, var fornybar energi eitt av områda ein ønskte satsing på. Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 11/08 når det gjeld punkt 9. Energifylket:

- a. Fylkesplanar for småkraft og vindkraft vert arenaer for arealavklaringar.
- b. Fylkestinget ber "**Innovasjonsforum Sogn og Fjordane**" utvikle ei satsing omkring næringsutvikling knytta til ulike former for fornybar energi. Pågåande utviklingsarbeid må inngå i ei slik satsing. Likeeins ulike initiativ innan bioenergi, vindkraft, fjordvarme, solenergi, med meir.

Denne saka er ei oppfølging av punkt b i vedtaket.

### **Arbeidsgruppe:**

For å følgje opp vedtaket oppnemnde Innovasjonsforum Sogn og Fjordane ei arbeidsgruppe. Mandatet for gruppa har vore å utarbeide ein strategisk plan for satsing på fornybar energi der fokus er fellestiltak for å legge til rette for næringsutvikling.

Gruppa har hatt slik samansetjing:

Roger Bergset, leiar for gruppa (dagleg leiar i Segel AS)  
Håkon Sandvik (Vestavind Kraft AS)  
Erling Holden (Høgskulen i Sogn og Fjordane)  
Roger Flølo (Fjord Invest AS)  
Christian Rekkedal (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)  
Rune Henjesand (Innovasjon Norge)  
Ole Kleiven (temaleiar fornybar energi i VRI-programmet, observatør)  
Audun Erik Sunde (Sogn og Fjordane fylkeskommune, sekretær)  
Tor Einar Lundteigen vart rekruttert inn i eit treårig engasjement for å arbeide med næringsutvikling knytt til fornybar energi. Han byrja i engasjementet ultimo august 2009 og har sidan følgd arbeidet.

### **Strategiplanen:**

Arbeidsgruppa har lagt vekt på følgjande i arbeidet:

- At fylkeskommunen og Innovasjonsforum ønskjer ei offensiv satsing på fornybar energi.
- At dette skal vere ein overordna strategi som ser på fellestiltak og ikkje går i detalj eller ned på bedriftsnivå.
- Å fokusere på kva som er Sogn og Fjordane sine føremoner – og prioritere deretter.
- Å innlemme hovudresultata frå andre prosessar i denne totalstrategien (t.d. innspel frå arbeidsgruppe for offshore vindkraft).

Strategidokumentet har hovudfokus på dei mogelegheitene som fornybar energi fører med seg, med særleg vekt på kva næringskvarter kan få å seie for den økonomiske utviklinga i fylket.

Arbeidsgruppa har ikkje hatt særleg fokus på spørsmål som:

- Om vi faktisk treng meir (fornybar) energi.
- Om fornybar energi kjem i tillegg til eller i staden for annan energi.
- Kva arealinngrep produksjon av fornybar energi medfører.

Som overordna føringar for arbeidet har arbeidsgruppa sett på internasjonale og nasjonale føringar i klimapolitikken, naturlege føresetnader Noreg har og rammevilkår for energiproduksjon. Arbeidsgruppa har også gjort vurderingar rundt "kvifor bygge ut meir fornybar energi" og viser m.a. til Soria Moria 2 sitt kap. 13 Energipolitikk.

Planen gjev ein omtale av dei ulike fornybare energikjeldene:

- Vasskraft
- Vindkraft
- Bioenergi
- Bølgjekraft
- Solenergi
- Termisk energi frå grunn og vatn

Vidare er det ein kort omtale av relevante FoU-tiltak i fylket:

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Vestlandsforskning (VF) har i fellesskap teke initiativ til fornybar energi som eit samfunnsvitenskapleg forskingsprogram for perioden 2008-2012. Det er også peika på at HiSF / VF deltek i CenSES (Center for sustainable energy studies) saman med andre tunge FoU-institusjonar i landet.

SF Teknologi er eit selskap under stifting, der målet er å arbeide for etablering av eit innovasjonssenter i Førde. Innovasjonssenteret skal ha heile fylket som forretningsområde og skal vere ein ressurs med omsyn til innovasjon, entreprenørskap og teknologiutvikling på ulike område, m.a. fornybar energi og energi- og miljøteknologi.

Mål og strategidelen i planen er bygd opp slik:

- Ei overordna målsetjing
- Hovudstrategiar
- Delstrategiar

For dei ulike strategiane er det definert strategiske mål, som så langt mogeleg er kvantifiserte. Vidare er det for kvar strategi forslått nokre innleiande tiltak.

Ein strategisk plan er levande. Nye tiltak vil komme til fortløpande, og med ulike mellomrom er det behov for å justere strategiane.

Den overordna målsetjinga for satsing på fornybar energi er formulert slik i planen:

**Å sikre at fornybar energi vert eit område med sterk auke i verdiskapinga og mange nye lønsame arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.**

Fornybar energi omfattar ulike område, men har likevel fleire fellesnemnarar. Ofte er mange av dei same aktørane involverte på dei ulike områda, anten det er tale om offentleg forvaltning, stønadsordningar, politiske vedtaksorgan, FoU-institusjonar og delvis eigarar. Problemstillingane ein står overfor er ofte likearta. Arbeidsgruppa har derfor funne det tenleg å

definere nokre hovudstrategiar. Dei tre første av desse er generelle strategiar for området fornybar energi.

Følgjande hovudstrategiar er definerte i planen:

### **1. Utvikling av FoU-miljøa innan fornybar energi.**

Området fornybar energi er i enorm utvikling. Sogn og Fjordane må henge med. FoU-miljø vil tiltrekke menneske med kompetanse, og setje vår leverandørindustri betre i stand til å vere i front. Dette er ein viktig strategi for å bidra til at Sogn og Fjordane kan få sin del av arbeidsplassane innan fornybar energi, og sikre at meir av denne verdiskapinga skjer i fylket.

### **2. Vurdere etablering av Fornybar Energi Forum Sogn og Fjordane etter modell av IT-forum**

Føremålet med forumet er å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar innan fornybar energi. Det skal vere ein felles arena / møteplass for fornybar energi der det offentlege, privet næringsliv og organisasjonar elles møtest. Forumet skal i prinsippet dekke heile spekteret av fornybare energiteknologiar. For dei høgast prioriterte teknologiane bør det opprettast egne grupper / underfora.

Vindkraftforum er alt etablert gjennom vedtak i Fylkesutvalet 1. juni 2009. Konstituerande møte vart halde 1. oktober.

### **3. Utvikle leverandørindustrien innan fornybar energi**

Føremålet med denne generelle strategien er å styrke eksisterande industri og legge grunnlag for ny industri innan fornybar energi, auke talet på arbeidsplassar og auke verdiskapinga i fylket.

### **4. Prioritere vindkraft og vasskraft**

Maksimal utnytting av fylket sine føremoner innan fornybar energi m.o.t. skaping av nye arbeidsplassar på kort og lang sikt. Vindkraft og vasskraft / småkraft er klart dei område for fornybar energi der Sogn og Fjordane har størst potensiale i denne samanheng.

Strategiane har mellom anna vore drøfta på dialogmøte i VRI-programmet (Florø 26. august 2009). Arbeidet har og vore presentert for Innovasjonsforum.

Arbeidsgruppa sitt framlegg til strategi for arbeid med fornybar energi ligg som vedlegg i saka.

### **Konklusjon/ Tiltråding**

Det vert rådd til at Fylkestinget godkjenner Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane slik den ligg føre.